



Arkivnr: 2015/711-2

Saksbehandlar: Gunnbjørg Austrheim, Jostein Aksdal, Elisabeth Bjørsvik, Per Morten Ekerhovd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.02.2015

Kulturminneplan for Vaksdal kommune 2014-2018. Høyringsfråsegn

Samandrag

Plan for kulturminne for Vaksdal kommune 2015-2018 er lagt ut på høyring i perioden 8. jan-19. februar 2015.

Kommunestyret vedtok å starte planarbeidet i 2009, og sette i gong kulturminneregistrering i 2011.

Innsamlinga av kulturminnedata er samla i to rapportar: kulturminne knytt til gards og jordbruk, og arkeologiske kulturminne, bygningar, industri og næring. I planframlegget ligg også handlingsprogram med tiltak i perioden. Både planen og tiltaka framhevar viktige kulturminne.

I prosjektet «Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016» har Hordaland fylkeskommune etablert ei satsing på utarbeiding av lokale kulturminneplanar. Vaksdal kommune sin kulturminneplan vart starta før denne satsinga, men kommunen har delteke i prosjektet i sluttfasen av planarbeidet.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil kommunedelplanen verte eit godt styringsdokument. Det er likevel trond for nokre justeringar og presiseringar. Fylkesrådmannen rår til at Vaksdal tek omsyn til merknadene og arbeider desse inn i planen før vedtak. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde for kommunen i oppfølginga. Dette gjeld også neste planperiode 2015-2018, der kommunen vil registrere resten av kulturminna i kommunen. Med sine rike kulturminne er det svært positivt at kommunen har ein offensiv kulturminneplan som legg tunge føringar for det viktige arbeidet vidare.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er svært positiv til at Vaksdal kommune har sendt ut Kulturminneplan for Vaksdal kommune 2014-2018 på høyring.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at Vaksdal kommune har særleg merksemd på dei viktige kulturminna i Vaksdal som er knytte til landbruket, fjord og vassdrag, samferdsla og industrien.
3. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde i arbeidet.
4. Hordaland fylkeskommune meiner at handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Vaksdal kommune.
5. Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å prioritere gjennomføringa av handlingsplanen, setje av eigne budsjettpidalar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på rådgjeving av eigara av kulturminne.
6. Hordaland fylkeskommune viser til ordninga med bygningsvernkonserntar ved dei regionale ansvarsmusea og oppmodar Vaksdal kommune om å ta del i ordninga.
7. Hordaland fylkeskommune tek etterhald om følgjande tiltak i handlingsplanen som føreset fylkeskommunal medverknad, men som ikkje er i samsvar med gjeldande regionale kulturpolitikk:
 - a. Delmål 3, tiltak 29 (Lager/magasin for private kulturminne som folk ikkje har plass til sjølve).
 - b. Delmål 5, tiltak 35 (Samarbeid om regional kulturminne- og museumsplan).

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Vedtaksbrev frå kommunen
- 2 Plan for kulturminne Vaksdal kommune 2015-2018
- 3 Informasjon frå nettside
- 4 Kulturminneregistrering del 1
- 5 Kulturminneregistrering del 2

Fylkesrådmannen, 19.01.2015

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommune har ei rik kulturhistorie og viktige kulturminne frå mange ulike tidsperiodar. 22.06.2009 vedtok kommunestyret å starte arbeid med ein plan for kulturminnevern. Registreringar vart sett i gong i 2011, og planarbeidet vart avslutta hausten 2014. Plan for kulturminne for Vaksdal kommune 2015-2018 er sendt ut på høyring i perioden 8. januar til 19. februar 2015 (6 veker). Kulturminneplanen for Vaksdal er ein tematisk plan, og er heimla i plan og bygningslova § 11-1: «*Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder*».

Planen må sjåast i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel og Kommunedelplan oppvekst. Planperioden for temaplan for kulturminne i Vaksdal, er 4 år, frå 1.3.2015 – 31.12.2018. Planen skal rullerast kvart 4. år. Til grunn for høyringsforslaget ligg eit omfangsrikt grunnlagsmateriale. Omfattande innsamling av kulturminnedata er trykt i to rapportar som følger planen: ein med kulturminne knytt til gard og jordbruk (vedlegg 4), og ein med kulturminne knytt til arkeologiske kulturminne, bygningar, industri og næring (vedlegg 5).

Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016

Hordaland fylkeskommune har sett i gong prosjektet «Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016», jf. vedtak i fylkesutvalet 30. januar 2014, PS 14/2014. Prosjektet legg til rette for betre samarbeid med kommunane og ei felles satsing på kunnskap og kompetanse. Ein viktig del av prosjektet er utarbeiding av kulturminneplanar i alle kommunar. Ein kulturminneplan skal avklare to hovudspørsmål: A. kva kulturminne finst i kommunen, og B. korleis tek ein vare på dei. Gjennom ein plan kan kommunane sjølv prioritere og ta stilling til innretninga av lokalt bevaringsarbeid, korleis ein kan nytte kulturminne som ressursar i stadutviklinga og korleis dei kan integrerast i andre planar. Kulturminneplanlegging gjev eit meir føreseieleg kulturminnevern og gjev også meir føreseielege rammer for ny utvikling i kommunen. Fylkesutvalet har vedteke at alle kommunar bør ha planar som legg tydelege føringer for kulturminneforvaltinga.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Vaksdal kommune har mange verdifulle kulturminne og –landskap. Det er difor svært positivt at kommunen har gjennomført planarbeidet. Fylkesrådmannen si vurdering er at planarbeidet i hovudsak er i tråd med dei lokale utfordringane på kulturminnefeltet i Vaksdal og den regionale satsinga i Hordaland.

Høyringsutkastet er ein temaplan for kulturminne og byggjer på dokumentasjon av kulturminne, gjev prinsipielle føringer for kommunal forvalting og gjev forslag til tiltak i planperioden. Som ein kommunedelplan er det sett krav til prosess, medverknad og politisk handsaming. Dette gjev ei sterkt lokal forankring når planvedtak er gjort, og dette er ein stor føremon for kulturminneplanen.

Forslag til vedtak:

Hordaland fylkeskommune er svært positiv til at Vaksdal kommune har sendt ut Kulturminneplan for Vaksdal kommune 2014-2018 på høyring.

1. PLANFRAMLEGGET

Planen har ein tydeleg struktur. Føreordet peiker på den lokale eigarskapen som ein føresetnad for kulturminnevernet. Vaksdal kommune har mål om brei medverknad; planen skal gjera folk kjent med historia og skape glede over arbeidet med å ta vare på kulturarven.

Første kapittel tek for seg det politiske og juridiske grunnlaget for planarbeidet. Planen set kommunale mål om ivaretaking, prioritering og utvikling av ein føreseieleg politikk på kulturminnefeltet.

Andre kapittel gjev ei kortfatta innføring om kommunen i eit historisk perspektiv. Her peiker planen på viktige tema, sjølv om presentasjonen er kompakt.

Tredje delen tek for seg dei aktuelle utfordingane i høve kulturminne og -miljø. Fleire viktige spørsmål vedkjem kulturminne i frå alle tider. Tematiske underkapittel gjer lesnaden lett. Planen gjev ein brei gjennomgang av forvalting og skjøtsel. Under punkt 3.4 Regional kulturminneplan og museumsplan, set Vaksdal kommune mål om utarbeiding av regionale kulturminne- og museumsplanar i Nordhordland og etablering av lokale magasin med tilsette i kvar kommune med ansvar for dokumentasjon og formidling. Kommunen legg opp til planmessig vern av fartøy i Vaksdal, og set fokus på bevaring av kulturen langs fjord og vassdrag. Planen drøftar vidare eit viktig felt – bruk av kulturminne.

I fjerde del er ein oversiktleg handlingsplan som både gjer greie for dei økonomiske rammene, men kulturplanen har også satt opp delmål – i alt fem – som igjen har i alt 35 tiltakspunkt.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Vaksdal har ei rik og variert soge som viser seg att i kulturspor frå nær sagt alle tider. Menneskeleg aktivitet gjennom 6000 år har sett preg på landskap, kulturmiljø og kulturminne. Både registreringsmaterialet og planen viser at ein står andsynes ei stor historisk skattekiste. Dersom ein ser landskapet i kommunen i nasjonal samanheng er det særlege kategoriar som gjer at Vaksdal står fram: kulturminne i landbruket, kulturminne ved fjord og vassdrag, samferdsleanlegg og industriarven. Skipshelleren, lakssegiljene og dei veglause gardane i Veafjorden, veg- og jarnbaneanlegga, møllene i Vaksdal og tekstilindustrien på Dale er framståande døme på kulturminne i desse kategoriene.

Som døme vil fylkesrådmannen peike på det særlege kulturlandskapet og veganlegget som går frå Osterøy kommune, forbi turlagshytta Træet og vidare ned i Vedafjorden. Dette er eit døme på eit kulturminne som samla sett med landskap og veganlegg har stor regional og nasjonal verdi og som har eit stort potensiale for reiseliv og verdiskaping.

Samla sett grip kulturminneplanen om breidda i kulturarven i Vaksdal og femner dermed om eit stort og vidt fagområde. Framlegget peiker også på det store ansvaret kommunen har for berekraftig kulturminneforvalting og det store og unytta potensialet for kunnskapsformidling og utviklingsprosjekt knytt til kulturminne. Dette er svært bra.

Grundige registreringar gjer at planen har gode føresetnader til å bli eit effektivt reiskap i det vidare arbeidet med kulturminne og -landskap. Delar av det omfattande grunnlagsmaterialet som ligg til grunn kunne likevel vore noko meir integrert i sjølve planframlegget. Det ville gjort det enklare å etablere ei klar oversikt og grunngjeving av prioriterte tema og kulturminne. I plandokumentet er det lagt lite vekt på å setje kulturminna i Vaksdal inn i ein større historisk samanheng. Det fører til at ein ikkje får nok informasjon om td. årstal, geografisk plassering, eller kopling til regional og nasjonal historie.

Arkeologiske kulturminne er viktige for forståinga av Vaksdal sitt historiske landskap. Sjølv om vedlagte kart viser fordelinga av kjende fornminne er arkeologien likevel noko uklart presentert. Den arkeologiske soga kjem difor i bakgrunnen og vert forstått meir som ei ramme rundt aktivitetar. Kulturhistoria i planen kunne teke inn meir stoff frå den dokumentasjonen som er gjort i samband med viktige fornminneområde i kommunen. Desse stadene har stort potensiale for bruk og formidling og for utvikling av lokal kjennskap og eigarskap til kulturhistoria.

Vaksdal har mange anlegg for samferdsle over langs og på sjø som etter fylkesrådmannen sitt syn har særhøg verdi. Desse bør få større plass i planen, ikkje minst på grunn av potensialet for opplevelingar og vidare bruk.

Kort tekst gjev heller ikkje dei kulturminna som er knytte til industrialiseringa i Vaksdal rettferd. Her nemner planen berre kort sentrale identitetsskapande fabrikkanlegg og næringer. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at vedlegget som er nemnt på side 18, om verneverdige båtar og party er med.

Ein såpass omfattande plan bør så langt som råd gjerast oversiktleg og brukarvenleg. Fylkesrådmannen har generelle kommentarar som gjeld utforminga og strukturen på plandokumentet: a) bilettekstane er stadvise for lange og bør heller høyre med i hovudteksten, b) bileta vert for små og uskarpe til å illustrera det rike og varierte kulturminnetilfanget i kommunen, c) litteraturliste og henvisingar er ufullstendige, d) i kapittel 2. *Kommunen i eit historisk perspektiv* kan strukturen justerast slik at lesaren først får oversikt over kommunen si historie frå tidlegare tider til i dag, før ein legg fokus på einskilde tema, e) temaet båtar og transport kan knytast saman med kapittelet om kommunikasjonar, og f) korleis kulturminna vert brukt i dag gjennom ulike undervisningsopplegg og anna kan samlast i ein eigen bokl.

Det er fylkesrådmannen sitt syn at med mindre endringar av struktur, tekst og bilete vert kulturminneplanen eit godt og tenleg styringsdokument for forvalting av kommunen sine kulturminne.

Forslag til vedtak:

Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde i arbeidet.

Hordaland fylkeskommune rår til at Vaksdal kommune har særleg merksemd på dei viktige kulturminna i Vaksdal som er knytte til landbruket, fjord og vassdrag, samferdsla og industrien.

2. HANDLINGSPLAN – framlegg til mål og tiltak:

Handlingsplanen gjer greie for økonomiske rammer og prioriterte tiltak. Planen er delt opp i fem tematiske delmål og under desse delmåla er det i alt 35 tiltakspunkt.

- *Delmål 1: Kommunal digital kulturminneplattform.*
- *Delmål 2: Formidling av kulturminne.*
- *Delmål 3: Skjøtsel/vedlikehald av kulturminna.*
- *Delmål 4: Skjøtsel/vedlikehald av Vaksdal kommune sine kulturminne..*
- *Delmål 5: Omsynet til kulturminna skal integrerast i øvrig kommunal planlegging og verksemd. Kompetansebygging i kommunen.*

Fylkesrådmannen si vurdering:

Fylkesrådmannen finn at handlingsplanen gjev gode svar på aktuelle utfordringar i Vaksdal kommune.

Delmål 1:

Delmål 1 legg opp til mange gode tiltak, mellom anna bruk av digitale verktøy for å gjere kunnskapen om kulturminna lettare tilgjengelege for innbyggjarane. Fylkesrådmannen vil særleg vise til tiltak 2 som viktig. Innlegging av alle kommunalt prioriterte kulturminne i Askeladden, den nasjonale kulturminnedatabasen gjer at ein får samla dei kommunale prioriteringane i eit system som også viser andre kulturminneverdiar. Riksantikvaren har gitt kommunane tilgang til Askeladden, og det er venta at kommunane legg inn og forvaltar lokalt prioriterte kulturminne. Dette er eit viktig tiltak i handlingsplanen.

Delmål 2:

Tiltakspunkta 9 – 22 gjeld formidling av viktige kulturminne i kommunen. Dette målet er i tråd med dei satsingane som Hordaland fylkeskommune har satt i verk, sjølv om talet på planlagde skilt er ambisiøst i planperioden.

Vaksdal har i førhistorisk tid vore ein viktig stad for både fastbuande og ferdafolk. Interessant formidling i har vore drive ved Skipshelleren i ei årrekke. Dette er gode erfaringar Vaksdal kommune kan nytte på andre kulturminne både frå eldre og nyare tid. Arkeologiske kulturminne sitt potensiale for både oppleving, rekreasjon og formidling er stort. Siden tilrettelegging, skjøtsel og formidling heng saman er det bra at planframlegget prioriterer tiltak på utvalde kulturminne i planperioden.

Fylkesrådmannen merkar seg at kommunen ynskjer å løfte fram arbeidet med verneplan for fartøy, med vurdering i ein regional og nasjonal kontekst, som eige tiltak.

Delmål 3:

Delmål 3 har ei rekke gode tiltak og mange av dei skal styrke det tradisjonelle bygningsvernet, mellom anna ved kompetanseheving. Tiltaka vil ha effekt for små og store kulturminne. Tiltak pt. 23 og 24, oppfølging og opplæring av private eigarar av kulturminne, er viktig for enkelte kulturminne, men også for å etablere lokale kompetansemiljø. I tiltak 28 legg planen opp til eit samarbeid med Bergens Sjøfartsmuseum om marine kulturminne. Dette er eit godt tiltak for mange av kulturminna i fjord og vassdrag.

Med omsyn til tiltak 29, legg fylkesrådmannen til grunn at det ikkje er del av vedteken regional kulturpolitikk å etablere lokale lager/magasin for private kulturminne med tilsette i kvar kommune. Den regionale politikken er retta mot fellesmagasin for musea regionalt med spesialisert fagkompetanse.

Fylkesrådmannen saknar under delmål 3 om økonomiske midlar ei drøfting om kommunen kan utvikle eigne tilskotsordningar for kulturminne.

Delmål 4:

Tiltaket gjeld kulturminne i kommunalt eige; Kallestadstove. Skulemuseet på Straume, bruer, vegar og kaier. Fylkesrådmannen rår til at kommunen går gjennom øvrig eigedomsporfølje og særleg vurderer kulturminneverdien på kommunale anlegg i dei to industristadene Vaksdal og Dale.

Delmål 5:

Under tiltak 34 vil kommunen vurdere medlemskap i «Kulturverntenesta i Nordhordland», ei felles kompetanseordning i regi av Hordaland fylke/kommune og Museumssenteret i Hordaland. Ordninga med bygningsvernkonserntane ved dei regionale ansvarsmusea, er viktig for mange kommunar, og dersom Vaksdal kommune kjem med vil det ha positive effekt på mange av dei tiltaka som er nemde i handlingsplanen. Fylkesrådmannen saknar at kommunen i større grad synleggjer korleis den vil arbeide saman med dei konsoliderte musea, mellom anna for å løfte formidlinga av historia. Delmål 5, tiltak 35 (Samarbeid om regional kulturminne- og museumsplan er ikkje i tråd med vedteken regional kulturpolitikk.

Forslag til vedtak:

Hordaland fylkeskommune meiner at handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Vaksdal kommune.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å prioritere gjennomføringa av handlingsprogrammet, setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på rådgjeving av eigarar av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune viser til ordninga med bygningsvernkonsulentar ved dei regionale ansvarsmusea og oppmodar Vaksdal kommune om å ta del i ordninga.

Følgjande tiltak i handlingsplanen føreset fylkeskommunal medverknad, men er ikkje i samsvar med gjeldande regionale kulturpolitikk:

- a. *Delmål 3, tiltak 29 (Lager/magasin for private kulturminne som folk ikkje har plass til sjølv).*
- b. *Delmål 5, tiltak 35 (Samarbeid om regional kulturminne- og museumsplan).*